

# Bremanger næringsliv Covid -19

April 2020



# Bakgrunn og formål

## **Bakgrunn:**

Forprosjekt “regionalt beredskapsteam” viste følgende for Bremanger kommune (før vedtak av kompensasjonsordning):

- 45,7% av verksemdene opplever inntektssvikt som følge av Corona. Inntektssvikten skuldast i hovudsak marknadssvikt.. Bransjen reiseliv er hardast råka
- 28,6% har permittert eller varsla tilsette om permittering i si verksemd. 31,2% av av verksemdene seier dei vil permittere innan dei neste to vekene, dersom situasjonen held fram
- 37,1 opplever likviditets- og finansieringssituasjonen som krevjande til svært krevjande. 34,3% har ikkje ei klar plan for refinansiering av verksemda
- Tilgang til kapital er det aller viktigaste for bedriftene som er råka av krise på kort sikt. 11,4% av verksemdene har behov for bistand til refinansiering.

## **Formål:**

For å forstå konkret korleis bedriftene er ramma, ønskjer beredskapsteamet som no er etablert i Bremanger kommune, å gjennomføre ei forstudie etter omstillingsmetodikken SMB Utvikling, men med skreddersaum til den dramatiske situasjonen vi no står overfor.

Forstudien skal kartlegge følgende:

- Bedrifter som er direkte ramma av Covid-19 i form av vesentlig marknads- og inntektssvikt, m.a. kartlegge:
  - den økonomiske situasjonen i ulike scenario framover. Fokus vil vere på på likviditetssituasjonen til bedrifta og om bedrifta vil overleve framover, m.a. i lys av krisepakkar og kapitalsituasjonen til bedrifta)
  - Idèar og tankar om utviklingstiltak framover, i den enkelte bedrift og/eller på tvers av bedrifter
- Bedrifter som erfarer eller forventar redusert aktivitet, og som eventuelt har idèar og tankar om utviklingstiltak framover for å førebyggje permittering og stimulere til nyskaping og omstilling for å kunne ta marknadaposisjonar når krise er over.
- Bedriftene sitt behov for bistand, kapasitet og kompetanse for å sikre levedyktige bedrifter på lang sikt

# Tilnærming forstudie

SMB-utvikling er et verktøy som skal skape vekst i små- og mellomstore bedrifter (SMB) i omstillingsområde. Arbeidet vert gjennomført i samsvar med metodikken til Innovasjon Norge sin metodikk for SMB Utvikling med med skreddersaum til dei problemstillingane som næringslivet no står overfor, samt ei raskare gjennomføring fordi fleire av bedriftene allereie står overfor ein kritisk situasjon.

I forprosjektet for Nordfjord (vedlegg 1) vart følgjande arbeidsmodell føreslegen (her omdøyppt til forstudie og forprosjekt).

I modellene skil ein mellom to typer verksemder i “akuttfasen”:

1. bedrifter som no er i krise, og må ha rask tilgang til kapital
2. bedrifter som held hjula i gang, men forventar redusert aktivitet.

Modellen legg til grunn at utfordringane for bedriftene treff dei på ulike tidspunkt, og at dei difor har bruk for ulik tilnærming.

Felles for bedriftene er i første omgang å ta kontroll over kostnadar og verdikjede for å sikre refinansiering, og med dette fortsatt drift. Dette vert difor hovudtema for den innleiande fasen (forstudien).



# Tilnærming forstudie

Forstudien skal kartlegge “worst case”-scenarioer i ulike tidsløp på Coronakrisa for bedriftene, f.eks. Juni 2020, Sept. 2020, Des. 2020, Mars 2021, og vurdere potensielle konsekvenser som grunnlag for planlegging og handtering. Her vil ein m.a. kome opp med ein plan for korleis verksemda skal få på plass kapital og sikre fortsatt drift (bedrifter i krise) og ein plan for korleis bedrifta skal jobbe med tilpasning til ein ny marknadssituasjon (bedrifter som førebels ikkje er like hardt råka).

Bedriftene må allereie i ein tidleg fase starte planlegging mot re-opning og/eller resposisjonering i marknaden. For å lukkast med sistnevnte må ein jobbe aktivt med å identifisere framtidige mogelegheiter og posisjon i ein marknad med nye rammevilkår og forretningsmogelegheiter.

Forstudien skal også kartlegge nye forretningsidèar og kompetansebehov i bedriftene, for å få opp ei oversikt over tiltak som ein kan jobbe vidare med i neste fase, enten i form av prosjekt i enkeltbedrifter, eller i nettverk på tvers av bedrifter.

Forstudien vil også inkludere dialog med kommunane om mogelege privat-/offentlege samarbeid knytt til utvikling av destinasjonen, samt dialog med NAV om korleis ein kan utnytte ledig personell til samfunnsnyttige formål. Her skal ein kome opp med kreative idèar, og utfordre “byråkratiet” på å pilotere nye løysingar.

Næringslivet står overfor en ekstraordinær situasjon som følge av koronakrisen. Omstillingsarbeidet er difor svært viktig. Forstudien skal bidra til at bedriftene vert i betre stand til å forstå mogelegheiter og utfordringar (både i “normaltilstand” og under koronakrisen) og ta grep for å redde og vidareutvikle sine bedrifter.

# Oppdraget vert gjennomført med rask framdrift i hht. faser under - foreslått gjennomføring i veke 16-18

Prosess



Oppstartsmøte for å forankre mandat med lokalt beredskapsteam

- Identifisere potensielle bedrifter for deltaking i forstudie i samarbeid med beredskapsteam og lokale bankar
  - Bedrifter i akutt krise
  - Bedrifter med med forventet redusert aktivitet og omstillingsbehov
- Webinar for å orientere om formål og gjennomføring onsdag den 15.4 kl. 830-10.
- Påmelding av deltakerbedrifter

Samtale med inntil xx bedrifter (reiseliv, varehandel, enkeltpersonforetak) for å forstå dei eksakte behova til bedriftene og likviditetssituasjonen. Konkretisere tiltak per bedrift for å "overleve", og rigge seg for framtid

Samtale med med dagleg leiar i inntil xx større verksemdar i kommunen der ein diskuterer bedrifta sitt behov vs. regjeringa sine tiltakspakkar og deira mogelegheiter framover. Her vil ein også kome inn på tema samarbeid mellom bedrifter og tankar rundt privat-/offentlege samarbeid

Arbeidsmøte med lokalt beredskapsteam - kva kan vere mogeleghe tiltak på tvers av bedrifter? Evt. i samarbeid privat-/offentleg?

Formålet med intervjuet er å kartlegge status i bedriftene (både normaltilstand og effekter av koronakrisen), evne, vilje og potensial for omstilling og vekst

Utarbeide sluttrapport med tilråding til:

- kva bedrifter som bør få tilbud om å delta i forprosjekt
- kva tiltak bedriftene skal få støtte til
- mogeleghe samarbeid på tvers av bedrifter
- privat-/offentlege samarbeid

Vedta planar for oppfølging av bedrifter.

Undervegs i gjennomføringsperioden vil det bli rapportert tilbake til lokalt beredskapsteam dersom det er behov for akutt oppfølging/tiltak overfor enkeltbedrifter.

# Eksempel på tema i dialog med bedrift som grunnlag for prioritering av bedrifter som får nærmere bistand/oppfølging

## Eksempel på tema som vert gjennomgått i intervju med bedrifter:

- Gjennomgang av bedrifta sin økonomiske situasjon i dag - kvar i verdikjede er bedrifta påverka? Korleis kan ein løyse desse utfordringane?
- Korleis vil den økonomiske situasjonen sjå ut ved ulike scenario/utviklingsløp av Covid-19?
- Gjennomgang av regjeringa sine krisepakkar for bedrift - mogelegheiter og behov?
- Har bedrifta idèar til nye produkt/tenester for framtida (etter krise), kven er eventuelt kunden?
- Kva kompetansebehov har bedrifta? Kan bedrifta nytte tida framover til å utvikle denne kompetansen? Kva ordningar kan eventuelt vere aktuelle?
- Har bedrifta tankar/idèar om mogelege samarbeid med andre? Korleis følgjer ein opp denne idèen?
- Har bedrifta tankar/idèar om samarbeid privat-/offentleg? Korleis følgjer ein opp denne idèen?
- Kva er behovet til bedrifta framover? Har bedrift behov for bistand til innan fagområde som f.eks. økonomi, forretningsutvikling, avtalerett, anna?

#	Bedrift	Vurdering	Utviklingspotensial	Økonomisk evne	Samla score	Delta i forprosjekt (svar fra intervju)	Samla vurdering
1	NAVN		3	3	3	Ønsker å delta	xxxx
2	NAVN		1	3	2	Ønsker å delta	xxxx
3	NAVN		1	1	1	Usikker	xxxx

**Eksempel på vurderingsskjema.** Grønn = Anbefaler deltagelse, gul = bør vurdere deltagelse, rød = bør ikke delta

**Basert på vurdering av bedrifter frå forstudie vil beredskapsgruppe velje ut bedrifter som får tilbod om meir omfattande bistand (sjå neste side) i form av eit forprosjekt**